

Notat frå Noregs Mållag, Nynorsksenteret, LNK og Norsk Målungsdom

Opplæringslova må sikre nynorskelevane ei nynorsk opplæring

Krav: Parallelitetskravet må også gjelde for læringsressursar som er utvikla til bruk i opplæringa.
(Nynorsk og bokmål til same tid og pris)

Framlegg til endring i lova: Leggje til ni ord i § 15-3 i regjeringa sitt framlegg. (*Markert med understrek*)

§ 15-3 Krav til rettskriving og krav til skriftspråk i læremiddel

Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget.

Skolen skal bruke læremiddel på norsk og samisk som følgjer offisiell rettskriving.

Skolen skal bruke læremiddel, og læringsressursar som er utvikla til bruk i opplæringa som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Kravet gjeld ikkje

- a. læremiddel i faget norsk
- b. læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar
- c. læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del

Dei trykte læremidla i norskfaget i grunnskolen skal samla ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka.

Kvifor vil ikkje departementet ta inn læringsressursar:

Argumentasjonen frå departementet i Prop. 57 L (2022–2023):

Departementet meiner parallelitetskravet ikkje bør utvidast til å gjelde andre ressursar enn læremiddel. Ei slik utviding ville avgrensa det pedagogiske og faglege handlingsrommet til skolane. Til dømes skal det vere praktisk mogleg å gi alle elevar ei variert opplæring som er i samsvar med læreplanverket eller den individuelle opplæringsplanen. Skolane skal også kunne drive tilpassa opplæring. Det er derfor viktig at skolane kan ta i bruk ressursar som ikkje nødvendigvis er laga for bruk i opplæringa, og som det er ikkje er tenleg å regulere i opplæringslova.

Argumentasjonen frå Noregs Mållag:

- Vi ynskjer at dei læringsressursane som er laga for bruk i opplæringa, som til dømes gongetabell-app, lesetrening-app, orddelings-app og lære seg land-i-verda-app er på nynorsk. Svært mange av desse læringsressursane er verdifulle for opplæringa ved sida av læremiddel. Det er difor urimeleg at desse læringsressursane ikkje har eit parallelkrav.
- Vi ynskjer altså ikkje at til dømes kongens nyttårstale, leksikon, avisartiklar og NRK Supernytt skal bli lagde under eit parallel-krev. Det er også dette skiljet departementet sjølv har streka opp i førarebeidet til lova. Departementet kallar desse ressursane for «generelle ressursar», til forskjell frå «læringsressursar».
- Det er ein tydeleg tendens at dei som utviklar læremiddel, utnyttar den utydelege skilnaden mellom omgrepa «læremiddel» og «læringsressursar» for å omgå parallelitetskravet. Lovteksten kan hindre dette ved å inkludere «læringsressursar utvikla til bruk i opplæringa» i parallelitetskravet.
- Språkrådet har uttalt at ei vidareføring av den gjeldande ordlyden vil kunne få store konsekvensar for elevane, særleg nynorskelevane. Lærarar og skular i nynorskområde opplever at deira pedagogiske og faglege handlingsrom er avgrensa. For å gje elevane opplæring på eige språk, nynorsk, lyt dei velje vekk svært mange gode læringsressursar fordi dei berre er på bokmål. Men situasjonen blir at dei ofte kjenner seg nøydde til å velje bokmål. Utan eit parallelkrav vil vi få svært ulike læringsvilkår mellom nynorsk- og bokmålselevane, og svært avgrensa pedagogisk og fagleg handlingsrom for lærarane.

Vidare lesing

Mållaget har også kommentarar til andre delar av lova, som vi kjem tilbake til over påske. Krav om nynorske læringsressursar er vårt viktigaste. Det er også det viktigaste kravet for å sikre meir språkleg jamstilling i skulen.

Bakgrunn

Opplæringslova vart utforma i ei tid då tradisjonelle læreverk vart nytta i undervisinga. I skulen i dag brukar elevane ei mengd ulike læringsressursar, levert av mange forskjellige leverandørar. Fleirtalet av desse ressursane er digitale. Læremiddeldefinisjonen er likevel utforma slik at flesteparten av dei digitale læringsressursane (appar osb.) som blir brukte i skulen i dag, fell utanfor lovverket eller i ei gråsone. Definisjonen er såleis ikkje tilpassa dagens digitale skulekvardag (Frå Språkrådet sitt høyringssvar til NOU 2019: 23).

I Prop. 57 L (2022–2023) gjer Kunnskapsdepartementet framlegg om å vidareføre den læremiddeldefinisjonen som ligg til grunn for dagens parallelitetskrav (s. 146). I høyringa til regjeringa Solberg sitt forslag til ny opplæringslov slo Språkrådet fast at «ei vidareføring av den gjeldande ordlyden vil kunne få store konsekvensar for elevane, særleg nynorskelevane».

Departementet definerer læringsressursar slik:

Læremidler er ikke det samme som *læringsressurser*. Læringsressurser har faglig innhold, men mindre omfang og i avgrensede emner og temaer. Departementet skiller dessuten mellom **ressurser generelt** som kan brukes i opplæringen (for eksempel avisartikler eller leksika og kilder på internett) og **læringsressurser som er utviklet for bruk i opplæringen**.

Prop. 57 L (2022–2023) s. 143: Departementet meiner parallelitetskravet ikkje bør utvidast til å gjelde andre ressursar enn læremiddel. Ei slik utviding ville avgrensa det pedagogiske og faglege handlingsrommet til skolane. Til dømes skal det vere praktisk mogleg å gi alle elevar ei variert opplæring som er i samsvar med læreplanverket eller den individuelle opplæringsplanen. Skolane skal også kunne drive tilpassa opplæring. **Det er derfor viktig at skolane kan ta i bruk ressursar som ikkje nødvendigvis er laga for bruk i opplæringa, og som det er ikkje er tenleg å regulere i opplæringslova.**